


HOMOFILE

BLI MED I TOG 1. MAI!



Vi treng deg i Faglig 1.mai front
komiteen for homofile.

Adresse: Boks 816, Sentrum, Oslo 1.

VI VIL REISE DESSE KRAVA

1. MAI:

KAMP MOT FORTIELSE OG UNDERTRYKKING AV HOMofile

FASCISME BETYR TERROR MOT HOMofile
FORBY „NORSK FRONT”

JA TIL LESBISK KJÆRLEIK
NEI TIL LESBISK PORNO

DISKRIMINERING AV HOMofile MÅ FORBYES VED LOV

HOMofile KREV RETT TIL BOLIG OG ARBEID
UTEN Å MATTE SKJULE SEG

KAMP MOT MORD OG MISHANDLING AV HOMofile



Som underparolar tek vi opp andre tema, bl.a:

- RETTSSIKRING FOR LESBISKE MØDRE
- SKIKKELEG INFORMASJON OM HOMOFILI I GRUNNSKULEN

**Har du noko du vil ha sagt i toget
1. mai?**

KAMP MOT FORTIELSE OG UNDERTRYKKing AV HOMofile

Fortielsen og undertrykkinga av homofile er framleis enorm. Sjølv om vi kan merke ei viss liberalisering, lever dei fleste enno skjult. I redsel for reaksjonen til familie, venner og arbeidskameratar spelar vi heterofile. Vi blir tvinga til å leva eit dobbeltliv i stadig angst. Dette finn vi oss ikkje i lenger.

Faglig 1.mai front-toget i Oslo er ein bra plass å knytta neven på. For femte året på rad er det seksjon for homofile. I fjar var vi 90 kvinner og menn sammen med 8500 som gikk i andre seksjoner. Solidariteten med desse må vi bygge vidare på.

FASCISME BETYR TERROR MOT HOMofile FORBY „NORSK FRONT”

Hitler-Tyskland sine massakrar av homofile, Franco-fascismen sine konsentrasjonsleirar og engelske nazistar si storming av homoklubbar i dag viser at fascismen betyr terror mot homofile. Homofile må derfor støtte kravet om forbud av Norsk Front, og aktivt ta del i kampen mot nazistiske og fascistiske grupperingar.

JA TIL LESBISK KJÆRLEIK NEI TIL LESBISK PORNO

I pornoen blir lesbiske brukt som seksualobjekt for menn. Pornografien si framstilling har ingenting med lesbiske sitt verkelege liv å gjere. Einaste staden „lesbiskhet“ kjem til sync er i pornoen. For mange er dette all kjennskapen dei har til lesbiske. Etter den homofile liberaliseringa har spekulantane sett sitt snitt til å tenne grovt på pornografisk framstilling av lesbiske. Vi vil ikkje gå med på at Hagen og co. tenar grovt på at vårt kjærleiksliv blir forvridd og skitna til.

DISKRIMINERING AV HOMofile MÅ FORBYES VED LOV

I 1972 blei seksuell omgang mellom menn „lovleg“. Dette skjedde etter lang kamp frå Forbundet-48. Straffelovrådet vil i nær framtid legge fram ei innstilling om lovforbud mot diskriminering av homofile. Stortinget skal deretter ta stilling til det. Vi må difor få mange med oss slik at det blir makt og press bak dette kravet. Lovforbodet vil ikkje gjere slutt på diskrimineringen, men det vil bli muleg for oss å reise saker i retten.

HOMofile krev rett til bolig og arbeid uten å måtte skjule seg

Vi veit at mange av oss har mista jobb eller bolig når det har kome fram at vi er homofile. Trusselen om å miste arbeid og bustad presser oss andre til å late som vi er heterofile. Å leve som homofil er ein menneskerett. Vi vil kjempe for retten til kjærleik, samliv og tryggleik.

KAMP MOT MORD OG MISHANDLING AV HOMofile

Nyleg blei ein mann myrda i Oslo, slått i hel fordi han var homofil. Politiet fann han med ein hakekross i panna. Fascistar brukte kjettingar og jernstenger mot homofile på ein filmfestival i Paris. I Ålc und måtte ein gut slutte på ungdomsskulen fordi han blei mobba og stygt mishandla. Homofile har teke til å reise seg mot dette. På ein klubb i Stockholm lenka folk seg sammen og dreiv ut ein gjeng med fascistar. Dette viser at vi må forsvare oss og ikkje finne oss i slik terror.

